Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9 | Fylke: Telemark
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Hjartdal
Emne: Lauving | Bygdelag:
Oppskr. av: Aanund Hordang | Gard:
(adresse): Ytre Hjartdal | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det er endå mykje i bruk å lauve for dyra her i bygda, då dyra trivst godt av å få ein høveleg tieskot av lauv attåt det andre fôret. Det har ikkje vore noko serleg merke på at det har vore sers i vår; men truleg var det slik i gamal tid. Det vert nok lauva mindre no enn det var gjort før, serleg av di det er vant på arbeidshjelp.

Ein brukar å lauve før slåtten tek til; men det meste vert nok helst etter at ein er ferdig med slåttonna i ~~sep~~ august og september. For kyrne er det best så lauve seint på sumaren då lauvriset ikkje vert so hardt då og kyrne et for det meste opp riset og.

Det er vanleg å lauve bjørk, ask, osp og raun. Det vanlege namnet er lauving. Ein brukar då lauvkniv til å lauve med. Var det nokon som vanta lauvkniv bruka nok kanne i gamle dagar „Gjåbrot"; men no ~~er~~ er det smiddi lauvknivar. Mange bruka lauvknivar som hadde ein bøygd krok i inden på kniven som var til å bøyge kvistene med.

6017

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

Var det unge asketre som ein ikkje ville kylle brukar ein å rispe av lauvet med handa. Her i Hjartdal var det ikkje mykje i bruk å rispe lauv av or til kyrne. Noko lei å være handa medan dei rispa kjende ein ikkje til. Dei gamle fortel at dei vart so såre i handa at dei blödde etter all rispinga.
Ein brukar mykje å styve eller hogge med bjørk som ein lauvar. Men ellest vert det mykje å kylle trea. Ein brukar å kylle askekallar, almestuvar og einskilde bjørker. Slike tre må verta store som oftast før ein byrjar å kylle, ~~som~~ oftast mykje over mannshöyda. Ein bruka sjeldan å kylle same treet oftare enn 7de til 10 år. Dette vert kalla berre å „kylle".
Takk ein til, so bruka ein å rispe askekallar dei åra ein ikkje kylte treet. Slike tre vart haldne godt for lauvet sin del.
Når ein rispa ~~braka~~ bruka ein å ha rispelauvet i ei „skrinde" eller „teine" anten rått eller og tørka dei lauvet på bakken og bar det so heim i teina.
Lauvet ellest blir ~~lagar~~ bundne i kjervar og ofte hengt opp på stakar som ein har laga av. Slik blir det bruka å tørka i 8–14 dagar. Ofte bruka dei før å setja lauvet i stakk-omlag som ein höystakk med eit lag av lauvbusker til underlag. På toppen fann ein ei stor tunn torve som dei tekte med og la



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

slik at stakksneisa gjekk i gjenom jord-
torva. Tieslut vart laga ein stor lauvkjerv
som sette på sneisenden med toppen
breidd ned over. Det var toppkjerven.
Kjervane i stakken vart lagde med
toppen inn mot sneisa – stakksneisa –
i midten, og alle rotendane snur då ut
rundt i kring. I ein slik stakk kunne det
vera opp til 200 kjerv – ein rekna kjervane
i tjug. Lauvstakken vart då standande til
ein kunde köyra lauvet heim på vinter-
före. Lauva ein noko heime gjardet og
ein hadde rom for lauvet i lauvskålen
eller löda köyrde ein lauvet heim på
ein tremeislede eller „mökslöå".
På stader der ein ikkje hadde hest bar
ein lauvet i taug på ryggen – lauvbyrd.
No blir det lauva helst i utmarka.
Karane hogg – styver og kyller og kvinnene
bitt lauvet i kjervar. Karane köyrer
eller ber lauvet heim.
Det turre lauvet vart lagt i ein stade
for seg sjölv i löa. I dei gamle tömra
löene var avslått nokre skålar
ved sida av höylöa til å ha lauvet oppbevara.
Kjervelauv vart bruka både for kyr og sau,
serleg er lauv bra for sauen og blir då
serleg bruka til for for han. Kor mykje
kvart dyr skal ha om gongen er kje
godt å sei. Det vert vel nermast ei skjøns-
sak av budeia. Det er vanleg at ein förar
dyra med lauv til middagen. Når kjer-
vane er store er det fleire dyr om kvar
kjerv. Ospelauv og askelauv vart rekna

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6017

for ein godt lauv til fôr.
Orelauv vart aldri bruka anna som rispelauv. Heller ikkje hassel.
Lauv av alm vart ofte ved høve bruka til gris som kvinnene då rispa i bøtter.

Samlauving veit ein ikkje av hev vore bruka på desse kantar.
Det er karane som hogg eller feller dei trea ein lauvar, er det då kvinner med bruka dei å kviste og binde i kjervar etter som det fell. Er born kan dei vera med og samla lauvet i buntar eller haugar.
Det lauv som vart raka saman på bakken vert kalla rakalauv. Er det lauv av osp vert det ofte bruka som fôr, men elles bruka dei rakalauv til strøy for dyra. Til å raka saman dette lauvet på bakken bruka dei høyrive.
Rakelauvet vart då bore heim i sekker. Som oftast vart dette arbeid for kvinner og born. Slikt rakelauv vart då samla anten i ein høyskåle eller gang ved fjøset. Rispelauvet og det rakalauvet ein bruka til fôr vart blanda saman med anna småtthøy med høyfrø, agner og liknande til ei sørpe eller søgre med mjøl i ein sørpekå – søgrekå –. Ospelauv er best.
Eg kjenner ikkje til at rakelauv vart bruka serleg under krigen. Truleg kunne dette vera so då det var lite med fôr.
Dette med rakelauv vart nok slutt med for ca 30 år sidan.

6017

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING